



MONTERING: Sigurd Brattetveit (med ryggen til) får hjelp av kona Synnøve når vengene skal monterast etter transporten frå Ukraina til Stord. (Foto: Privat)

Gjennom det nyskipa selskapet sitt, Micro-light Norway Limited, satsar Sigurd Brattetveit frå Løfallstrand på import, utleige og sal av mikrofly.

– Det heile starta med at eg fann ut at eg måtte ha meg ein hobby, og det enda opp med at eg for eit års tid sidan byrja fly mikrofly, fortel Brattetveit.

– Eg ynskte etter kvart å kjøpa meg fly, og byrja undersøkje marknaden. Krava mine var mellom anna at det skulle vera eit fly eg kunne landa med i Kvinnherad, at det var lett å fly, og at eg kunne fly langt med det, fortel han.



MIKRO: Frå testflyginga over Kiev. (Foto: Privat)

Til Kiev

Etter litt leiting enda han opp med eit Aeroprakt A22L, som vert produsert i Ukraina.

– Eg reiste til Kiev for å sjå nærare på flyet og prøvefly det, og tykte det var veldig bra. Det viste seg at denne flytypen ikkje fanst her i landet frå før, og det heile enda opp med at eg kjøpte flyet, samstundes som eg vart forhandlar og skipa mitt eige selskap.

Flyet er ein to-setar, som kan halda seg i lufta i inntil 10 timar.

Det er 6.23 meter langt, har eit vingspenn på 9.55 meter, veg tomt kring 280 kilo, og har ein maksvekt ved letting og landing på 472 kilo. Motoren er på 80 Hk, marsjfarten på 150 til 180 km/t, og på lengre turar fyk vi normalt i 8.500 fots høgd. Start og landing kan føregå på eit jorde med ei stripe på 160-170 meter. Men når tilhøva ligg til rette for det, og dersom ein vil vera litt brutal, kan vi letta og landa på ei stripe på ned mot 40 meter, fortel Brattetveit, som legg til at flyet ikkje

kostar meir enn ein bra familiebil, kring 400.000 kroner.

Base på Stord

Flyet hans kom til Stord for ikkje så lenge sidan, der det delvis vart montert, og der det vart sertifisert måndag i denne veka.

– Eg kjem til å ha base på Stord, der det i Stord flyklubb er eit godt mikrofly-miljø. Meininga er å driva med utleige av flyet, læra opp folk som ynskjer å fly mikrofly, og sjølvstgt driva med sal.

For min eigen del vil eg i tida frametter fly ein del med Stord som utgangspunkt, for å venja meg til flyet. Men i løpet av kort tid satsar eg på å kunna letta og landa på flystripa på Ripel i Omvikdalen, og på litt sikt vonar eg at vi kan få til eit mikrofly-miljø også her i Kvinnherad, avsluttar Sigurd Brattetveit.

Kjartan Wang Olsen
kjartan@kvinnheringen.no

26 nye selskap i år

Så langt i år er det registrert 26 nye selskap i Kvinnherad.

Namn: Behje Invest AS.
Org.form: Aksjeselskap.
Føremål: Konsulentverksemd retta mot oljeindustrien, investering i eigedom.
Aksjekapital: 100.000,-.
Dagleg leiar: Bernt Hjelmeland.
Styreleiar: Bernt Hjelmeland.

Namn: Berius RV&M Konsult.
Org.form: Enkeltpersonsføretak.
Føremål: Konsulentverksemd for serveringsbransjen. Catering, vin og mat.
Eigar: Tomas Berius.

Namn: Bringedalsberget.
Org.form: Aksjeselskap.
Føremål: Driva investering i og drift av fast eigedom, investering i andre selskap.
Aksjekapital: 100.0000,-
Dagleg leiar: Mona Ljosnes Korttlla

Namn: Eikeland Sveiseutleige limited.
Org.form: Norskreg, utanlandsk føretak.
Føremål: Sveisebransjen, utføring av sveising som framandteneste.
Dagleg leiar: Arve Eikeland.

Namn: Fausk Samdrift DA
Org.form: Ansvarleg selskap, delt ansvar.
Føremål: Felles for- og mjølk- og kjøtproduksjon for best mogleg rasjonell og økonomisk utnytting av deltakarane sitt eige jordbruksareal.
Dagleg leiar: Halvard Fausk.

Deltakarar : Inger Fausk 50% og Halvard Fausk 50 %.

Namn: Halsnøy Invest Limited
Org.form: Norskregistrert utanlands føretak.
Føremål: Investeringsbransjen, investering i aksjar og andre verdipapir.
Dagleg leiar: Taisto Veli Erkinharju.

Namn: Halsnøy Kontroll Limited.
Org.form: Norskregistrert utanlands føretak.
Føremål: Kvalitetssikring og kvalitetskontroll. Kurs innan jakt og konsulentenester innan dokumentasjon.
Dagleg leiar: Taisto Veli Erkinharju.

Namn: Hegland Bygg og Hage
Org.form: Enkeltpersonføretak.
Føremål: Forskaling, tømrar og hagearbeidar.
Eigar og dagleg leiar: Johannes Hegland.

Namn: Husnes Industritomteselskap AS
Org.form: Aksjeselskap
Føremål: Kjøp, sal tilrettelegging og utleige av eigedom.
Aksjekapital: 1.000.000,-
Styreleiar: Per Øyvind Sævartveit.

Namn: Langeland Foto.
Org.form: Einmannsføretak.
Føremål: Fotografering.
Eigar: Ivar Langeland.

Namn: Lena M AS
Org.form: Aksjeselskap.

Føremål: Varehandel.
Aksjekapital: 100.000,-
Dagleg leiar: Lenda Medhaug.
Styreleiar: Lena Medhaug.

Namn: Måge & Nistad Bygg AS
Org.form: Aksjeselskap.
Føremål: Nybygg og rehabilitering.
Aksjekapital: 100.000,-
Dagleg leiar: Kjell Måge.
Styreleiar: Kjell Måge

Namn: Rosendal barnehage AS
Org.form: Aksjeselskap.
Føremål: Byggja, eiga og driva barnehagar.
Aksjekapital: 100.000,-
Styreleiar: Eli Sævareid.

Namn: Skarveland VVS AS
Org.form: Aksjeselskap.
Føremål: VVS-arbeid.
Aksjekapital: 100.000,-
Dagleg leiar: Inge Morten Skarveland.
Styreleiar: Inge Morten Skarveland.

Namn: Opplev Island DA
Org.form: Ansvarleg selskap.
Føremål: Sal av reiseprodukt.
Deltakarar: Erlingur Nielsson og Kjell Halvard Brekke.

Namn: Slettebakken Automasjon
Org.form: Enkeltpersonssføretak.
Føremål: Service, rehabilitering og nyleveransar av automatikk og elektroarbeid til bygg og industriformål.
Eigar: Rune Slettebakken.

Namn: Thormodsæter Entreprenører AS
Org.form: Aksjeselskap.
Føremål: Utføra entreprenørarbeid.
Aksjekapital: 500.0000,-
Dagleg leiar: Edvard Thormodsæter.
Styreleiar: Edmund Thormodsæter.

Namn: Uskedalen Eigedom
Org.form: Aksjeselskap.
Føremål: Utleige av fast eigedom.
Aksjekapital: 200.000,-
Dagleg leiar: Morten Harsvik.
Styreleiar: Morten Harsvik.

Namn: Trykkeriet AS
Org.form: Aksjeselskap.
Føremål: Utleige av fast eigedom og tilhøyrande verksemd.
Aksjekapital: 250.000.
Dagleg leiar: Morten Harsvik.
Styreleiar: 250.000.

Namn: Whybe Invest AS
Org.form: Aksjeselskap.
Føremål: Investering og delta-king i andre selskap.
Aksjekapital: 100.000,-
Dagleg leiar: Yngve Bryn.
Styreleiar: Yngve Bryn.

Namn: Tyssane AS
Org.form: Aksjeselskap.
Føremål: Eigedomsverksemd som omhandlar utvikling, kjøp og sal og bygging.
Aksjekapital: 100.000,-
Dagleg leiar: Svein Arne Sæberg.
Styreleiar: Hans Martin Hjelmeland.

Namn: Buo Kafe
Org.form: Enkeltpersonføretak.
Føremål: Kafè.
Eigar: Gunn Laila Jegteberg.
Styreleiar: Gunn Laila Jegteberg.

Namn: Hordaland Betongsaging AS
Org.form: Aksjeselskap.
Føremål: Entreprenørverksemd innan betongarbeid.
Aksjekapital: 200.000,-
Dagleg leiar: Odd Hallvard Johnsen.
Styreleiar: Bjørnar Eikeland.

Namn: Microlight Norway Limited
Org.form: Norskregistrert utanlandsk føretak.
Føremål: Flybransjen. Drift, utleige og sal av fly.
Dagleg leiar: Sigurd Brattetveit.
Styreleiar: Sigurd Brattetveit.

Namn: OK Varne & Sanitær
Org.form: Aksjeselskap.
Føremål: Sal av handverkstenester, boligutleige og andre produkt som naturleg fell saman med dette.
Aksjekapital: 100.000,-
Dagleg leiar: Anne Cecilie Naterstad.
Styreleiar: Anne Cecilie Naterstad.

Namn: Sameiget Kyrkjevegen 50
Org.form: Eigarseksjonssameige.
Føremål: Eigarseksjonssameige.
Styreleiar: Bjørn Vaage.